



Vår ref.: L: Adolfsen Dykkar ref.:

Arkiv:

Dato: 07.11.2005

Høyring- framlegg til revidert rammepaln for barnehagen

Stranda kommune har drøfta forslaget til revidert rammeplan for barnehagen, og gir følgjande merknader til forslaget;

Ein må i rammeplanen ikkje skilje mellom gode og mindre gode barnehagar. Formuleringar som "gode barnehagar" er uheldige. Det bør og må være eit mål at alle barnehagar held ein standard som nemnt i dokumentet.

Merknader vedkomande lokal tilpassing;

- Viktigheita ved lokal tilpassing av planen bør understrekast nærare.
- Tilpassing/prioritering for born med kortare opphaldstid. Kva skal prioriterast og kvifor?

Merknader vedkomande samarbeid barnehage – heim;

- Inkonsistent språkbruk gjer det vanskeleg å forstå i kva grad og på kva slags måte foreldresamarbeidet skal gjennomførast. Planen bør klart vise kva slags rettar foreldre/føresette har og korleis barnehagen skal kunne komme desse rettigheitar i møte.

Merknader vedkomande verdigrunnlag;

- Verdigrunnlaget til barnehagen er fastlagt gjennom barnehagelova. Det gis etter vår oppfatning dermed ingen grunn til drøfting av dette. Det barnehagen i samarbeid med foreldra kan gjera, er å diskutera korleis dette verdigrunnlaget på best mogleg måte kan omsetjast i praksis i kvardagen i barnehagen.

Merknader vedkomande punkt om likestilling mellom kjønna;

- Viktigheita av å oppfordra til leik og aktivitetar som fremjar likestilling samt personalets likeverdige behandling av borna, må understrekast sterkare enn det som framkommer i planen i dag.

Andre merknader

- I nytt *Manifest mot mobbing* er barnehagane inkludert. Korleis barnehagar skal handsame dette temaet både internt, mot foreldre/føresette og barnegruppa, må omtalast i rammeplanen.
- Behovet for og viktigheta av fysisk aktivitet må understrekast

Med vennleg helsing

Line M. Adolfsen
Rådgjevar oppvekst